

**MILJØRETTA HELSEVERN**  
**AUSTRHEIM - FEDJE - GULEN - LINDÅS - MASFJORDEN - MELAND - RADØY**

Rossland skule

Skintveitvegen 11  
5917 ROSSLAND

Dykkar ref. Vår ref. Saksbehandlar – tlf. Arkivkode Dato  
2007/2153 - 1915/2012 Grethe Elin Mjelde - 56 37 57 70 1256 Meland 15.02.2012

**VEDRØRANDE GODKJENNING  
AV  
ROSSLAND SKULE  
ETTER FORSKRIFT OM MILJØRETTA HELSEVERN I BARNEHAGAR OG SKULAR**

Rossland skule sende ny søknad om godkjenning etter *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.* den 12.03.10. På grunn av bl.a. inneklimaproblem, vart søknaden ikkje behandla før utbetring/renovering var utført.

Rossland skule har dei siste åra utført omfattande rehabilitering av deler av den eldre bygningsmassen. Det er framleis ein del oppgradering som gjenstår. Det vart opplyst at gymnastikkbygg skal rehabiliterast, og at det er planlagt utskifting av vindauge på administrasjonsfløya. Administrasjonsfløy inneheld også bibliotek, sløydsal og tekstilrom. Skulen har i dag 281 elevar og 44 tilsette.

➤ **Tilsyn**

I samband med vurdering om godkjenning vart det utført eit tilsyn ved skulen den 20.01.12. Kommuneoverlege Tord Molsumyr og teknisk-hygienisk ingenjør Grethe Elin Mjelde møtte for kommunen (Miljøretta helsevern) og rektor Hogne Brunborg møtte for verksemda.

• **Avvik som vart påpeika**

**§ 11; Måltid**

1. Det manglar rutinar for kontroll av temperatur på kjøl (-1 – 4 °C) og frys (< -18°C) i verksemda. Prosedyre for kontroll må utarbeidast.

### **§ 13; Reingjering og vedlikehald**

2. Verksemda manglar skriftleg dokumentasjon på at hovudreingjering er utført.
3. Symjehall (heile bygget) treng rehabilitering, då bl.a. bygningsmasse er meget slitt og forholda vedrørande bassenganlegget ikkje tilfredsstillar dagens krav.

### **§ 14; Tryggleik og helse:**

4. Leikeplassutstyret må kontrollerast, vedlikehaldes og merkast etter *Forskrift om sikkerhet ved leikeplassutstyr* og Norsk standard NS-EN 1176 og NS-EN 1177. Verksemda skal ha skriftleg dokumentasjon på utført kontroll.
5. Regelmessig ettersyn på apparat i gymnastikksal må utførast, og skulen skal ha skriftleg dokumentasjon på utført kontroll.

### **§ 19; Inneklima/luftkvalitet:**

6. Det har vore vasslekkasje over deler av skulebygningen (administrasjonsfløy - sløydsal og kontor til helsesyster). Der det har vore vasslekkasje må det utførast kontroll over himling med omsyn på muggsopp.
7. Det er ikkje tilfredsstillande luftutskifting i bl.a. tekstilrom (ref. 2007/1676-13918/2010), som ligg i administrasjonsfløy. Det må vurderast ei oppgradering av ventilasjonsanlegget i dette bygget, slik at ein oppnår tilfredsstillande luftutskifting.

### **➤ Observasjon:**

#### **§ 19; Inneklima/luftkvalitet**

- Det vart opplyst at det framleis er personar som opplev helseproblem ved undervisning i datarom og eldste del av paviljongbygg. Det er ikkje funne avvik som kan relaterast til plagene. Vidare undersøkingar angående inneklima bør vurderast.
- Det er ikkje avklart om det er tilfredsstillande luftutskifting i bibliotek. Inneklimamåling må utførast.
- Solavskjerming må vurderast etter behov, etter at nye vindauge er montert.

#### **§ 21; Lydforhold**

- Det vart opplyst at det ikkje er tilfredsstillande lydforhold i musikkrom. Lyd spreier seg til omkringliggende rom.
- I fylgje rektor er det ikkje tilfredsstillande lydforhold i administrasjonsfløy, slik at det er vanskeleg å ha fortrolege samtaler mellom lærer og elev/føresette.

#### **§23; Sanitære forhold**

- Det var sterk urinlukt på toalett for gutter (ute). Reinhaldsrutinar må vurderast, samt evt. vurdere anna golvmateriale enn flisar, dersom urin har satt seg i fugane. Regelmessig ettersyn på toaletta i skuletida anbefalast. Det er planlagt rehabilitering av toaletta.

### **➤ Anna:**

#### **§ 14; Tryggleik og helse:**

- Augeskyljevæske må alltid vere lett tilgjengeleg i formingsavdeling (sløyd- og kjemikalierom), og kjemikaliar skal vera forsvarleg innelåst.

➤ **Tiltak som må utførast:**

**A. Enkle tiltak:**

Avvik nr. 1 og 6 må rettast innan 01.03.12.

Avvik nr. 2 må rettast ved neste hovudreingjering.

Avvik nr. 4 og 5 må rettast innan 01.05.12.

**B. Kostnadskrevjande tiltak:**

Avvik nr. 3 og 7 må innarbeidast i Handlingsplanen for skulen.

➤ **Framlegg til vedtak**

Etter delegert mynde fra Meland kommune, vert Rossland skule ikkje godkjend, etter *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular*.

Grunnlag:

- Rehabilitering er ikkje ferdig utført.
- Ikkje tilfredsstillande luftutskifting i undervisningsrom som ligg i administrasjonsfløy.

Ny vurdering om godkjenning vil bli utført innan oktober 2012.

Tiltak under pkt. A skal være utbetra innan oppsett frist.

Tiltak under pkt. B skal med i Handlingsplanen for skulen, og frist for utbetring må settast.

Vedtaket er heimla i Folkehelseloven, kap. 3 og i samsvar med Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v. § 6.

Med vennleg helsing

Tord Molsumyr  
Kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde  
Teknisk-hygienisk ingenør

**Om klage over vedtak:**

Etter forskrifta § 27 er det høve til å klage på vedtaket for dei partar som har rettsleg interesse i saka. Klaga må setjast fram innan 3 veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Meland kommune, og må sendast via Miljøretta helsevern – Lindås kommune

KOPI TIL: Meland kommune, Rådmannen  
Meland kommune, Stein Flataker  
Meland kommune, Utval for levekår  
Meland kommune, Komm. avd for kultur og oppvekst/barnhagekons.  
Meland kommune, Kommunalavdeling for helse- og sosialtenester  
Meland kommune; Jens Dahl